

***Bergens Munnspillorkester***



*Foto: Brecht foto*

***Heimalanne***

NORSK SLIPSMUSEUM

**Offisiell opning av Norsk Slipsmuseum fredag 15. august.**





***Open gard***

## KONSERT

**Eikefjord kyrkje 15. aug. kl 20.00**

KORIANDER m/solistar
«MUSIKALSK ØYHOPPING»
Svenskeperler-GamleSvisker-Folketonar
Gospel - «Høyrt og uhøyrt»
Dirigent: Brigt Samdal

URFRAMFØRING:
Olaug Alvheim: «Dreams to remember»
Laila Beathe Førde: «Bak neste sving»

# Eikefjord DAGANE

## 15.–17. august 2008


**GENERALSPONSOR:**

Firdaposten

**HOVUDSPONSORAR:**

sparebanken sogn og fjordane

SFE

Sunnfjord 2020

INC GRUPPEN

...der hjartet er



Teikn eit abonnement på Firdaposten
på Eikefjord Grendalag sin stand.
Då støttar du grendalaget!

Firdaposten
kystavisa
Tlf. 57 75 73 00

# Velkommen til Eikefjorddagane 2008



***Nye dagar – nytt styre – men same bygda!!!***

Eikefjorddagane vert i år arrangert for 6. gong. Vi gler oss alle til å ta imot deg som gjest denne helga, og håper å presentere bygda frå vår beste side. Som tidlegare byggjer vi på at desse dagane skal tilfredsstille ulike ynskje, frå dei yngste til dei aller eldste. Frå Elias-båten til Bergens Munnspillorkester!

Eikefjorddagane er eit fellesprosjekt der mange personar er involvert. Sjølv om det er styret i Eikefjord Grendalag som er iniativtakar og står som ansvarleg for arrangementet, hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre Eikefjorddagane utan engasjerte og kreative ressurspersonar i bygda. Organisasonsmessig er ulike delarrangement delegert til frivillege lag og organisasjonar i bygda. ***Saman er vi sterke – takk til alle saman!***

Opninga av dagane skjer fredagen i sentrum – i hjarte av bygda. Der kosar vi oss med kaffi og kaker – som er gratis!!!! Bergens Munnspillorkester set oss i den rette stemninga før vi opnar kunst- og fotoutstillinga.

So er det ein nasjonal happening: Kl. 18.30 opnar Norsk Slipsmuseum – som det einaste i sitt slag i landet! Og det i hjarte av sentrum på den nyrestaurerte "Nærleiken" kafe og sjelevarmer. Dette er kreativ galskap sett i system. Bygda vår er vorte marknadsført i nær sagt alle landets aviser og medier pga. Norsk Slipsmuseum. Mens andre arr. hentar store og kjende orkester til 6-siffra beløp, nøyer vi oss med enkle geniale grep – som er heilt gratis…

Elles håpar vi at du finn litt av kvart på årets Eikefjorddager – at du kjem ned på ruslemodus og sler av ein prat med nye og gamle kjenningar. Vi veit at dagane fungerer som eit stort slektstreff og det er kjekt for alle at vi bruker god tid desse dagane.

Orkesteret Heimalanne spelar til dans laurdagskvelden på Allhuset. Dei har bl.a ein slager som heiter "Kjekt å sjå deg". La den stå som motto for årets dagar!
På vegne av Eikefjord Grendalag ynskjer eg deg god festivalghelg!
***"Kjekt å sjå deg"!***

*Med helsing*
*Eikefjord Grendalag*
*Per-Øyvind Sørbø*
*leiar*




Tidleg krøkt. Løfta fram. Konge på kle

I dag er han 12. Om 13 år kan han vere ein stor internasjonal motedesignar. For med inspirasjonskjelder som Moods of Norway, Farmhouse og Ricco Vero er det berre eit tidsspørsmål før nye stjerner spring ut av det kreative tekstilmiljøet i Stryn. Vi veit kva talent som bur i fylket vårt. At fjordingar kan verte moteskaparar i verdsformat, det trur vi, det ønskjer vi og det satsar vi på.

**www.ssf.no**

**Sparebanken Sogn og Fjordane**
**– la oss fellesskape framtida vår**

# Eikefjorddagane 2008
# Program fredag 15. august

**17:00** **Opning av Eikefjorddagane 2008** – sentrum v/Sparebanken
- Gratis kaffi og kaker
- Bergens Munnspillorkester

**17:30** **Opning av kunstutstillinga**
Ziva Jelnikar og Sasa Kerkos
design og handverk i 1. etasje Nærleiken

**17:30** **Opning av fotoutstilling**
Tina Bøe Buer - Fotoutstilling i gamle bakeriet
(gamle bakeriet til Reiakvam)

**18:30** **Offisiell opning av Norsk Slipsmuseum!!!**
***Ein historisk augneblink i verdenssoga vert skrive i Eikefjord fredag 15. august i det herrens år 2008.***
***Oppmodar alle til å stille med slips!!!***

**20:00** **Kyrkjekonsert**
Koriander m /solistar - «Musikalsk øyhopping»:
Olaug Alvheim: «Dreams to remember»,
Laila Beathe Førde: «Bak neste sving»

**23.30** **Tør du...? Kva skjer i år?**
Staden er Nærleiken og kanskje er du den heldige…




# Eikefjorddagane 2008
# Program laurdag 16. august

**10.30** **Marknaden opnar**
Utstillarane både ute og inne opnar sine boder
- Kunstutstillinga opnar
- Fotoutstillinga opnar
- Norsk Slipsmuseum opnar

**12.00** **Matstasjonane opnar**
- Huldreskogen – for dei minste
- Allhuset – rømmegraut, mylse, kaffi og kaker
- Sunnarvikja – grilling av kjøt og fisk

**15.00** **Underhaldning frå scena**
- Bergens Munnspillorkester spelar
- Konkurranser
- Lynauksjonar

**16.00** **Ungdomsarraangement på badestranda**
- Sandvolleyballkamp
- Palleløp
- Konsert m/Battery
- Grilling

**17.00** **Bodene stenger**

**21.00** **Dans på Allhuset m/Heimalanne**

**BARNE-AKTIVITETAR:**
- **Ansiktsmaling**
- **Maskoten Eike**
- **Kongleriket**
- **Hesteridning (søn)**
- **Spikking**
- **Dyreutstilling**
- **Tohjulstraktor-taxi**
- **Elias-båten**
- **Gråtass**
- **Radiostyrte bilar, fly og båtar**
- **Veteranbuss**
- **Bilutstilling**
- **Open gard (søn)**
- **Gravemaskin-køyring**
- **Fiskekummer**
- **Gassballonger**




# Eikefjorddagane 2008
# Program søndag 17. august

**10.30** **Marknaden opnar**
Utstillarane både ute og inne opnar sine boder
- Kunstutstillinga opnar
- Fotoutstillinga opnar
- Norsk Slipsmuseum opnar

**11.00** **Gudsteneste i Eikefjord kyrkje**

**12.00** **Matstasjonane opnar**
- Huldreskogen – for dei minste
- Allhuset – rømmegraut, mylse, kaffi og kaker
- Sunnarvikja – grilling av kjøt og fisk

**12.00** **Open Gard arrangement**

**15.00** **Underhaldning frå scena**
- Bergens Munnspillorkester
- Spontan – dans utan grenser
- Div. premiering og utdelingar
- Eikefjordprisen 2008

**17.00** **Bodene stenger**

**BARNE-AKTIVITETAR:**
- Ansiktsmaling
- Maskoten Eike
- Kongleriket
- Hesteridning (søn)
- Spikking
- Dyreutstilling
- Tohjulstraktor-taxi
- Elias-båten
- Gråtass
- Radiostyrte bilar, fly og båtar
- Veteranbuss
- Bilutstilling
- Open gard (søn)
- Gravemaskin-køyring
- Fiskekummer
- Gassballonger






NORSK SLIPSMUSEUM

( Eikefjord / Norway ) NÆRLEIKEN

**Norsk Slipsmuseum**

Det starta som ein litt tullete og vag idè julaftan 2007. Under Eikefjorddagane i år er vi stolte over høgtidleg og offisielt å opne noko så sjeldan som eit slipsmuseum.

Norsk Slipsmuseum vert etablert permanent i Eikefjord. Dette blir ein attraksjon som vil gje undring og glede for mange. Her vil du etter kvart kunne finne mykje spennande.

Slips kan tilsynelatande virke nøytralt og uinteressant, men dei som dykkar ned i temaet vil oppdage stor variasjon. Ulike materialval gjer ulike genrar av slips; ullslips, treslips og silkeslips er nokre få døme. I tillegg finnest eit utal av artige kategoriar som slipsa kan delast inn i; juleslips, konfirmasjonsslips, firmaslips og slips med spesielle tema og motiv. Ulike herrar vel også ulike stilar. Norsk Slipsmuseum vil ha ei samling av slips frå forskjellige celebritetar frå inn- og utland. Vi har alt fått fleire "kjendisslips".

Det finnest også mange slipssamlarar i Noreg. Norsk Slipsmuseum tar mål av seg til å presentere desse med spesialutstillingar gjennom året.

**Slipsmarknad**

Alle slips kan ikkje komme på museum, men alle slips kan få komme fram i lyset. Nærleiken satser difor på å samle alle slips i Noregs rike som lever eit mørkt og einsamt liv i skap og kott. Vi har eit håp om at denne bodskapen skal gå med jungeltelegrafen slik at folk ryddar skapa sine for slips dei ikkje lenger vil ha. Desse slipsa vil kunne få sin renessanse på Noregs første bruktmarknad for slips. Prinsippet blir då ein rein bytehandel. Ta med 2 slips du er lei av, og finn deg eitt anna som du likar betre.

Fredag 15. august klokka 1830 bør du ta turen innom Nærleiken for å få med deg denne storhendiga som opninga av slipsmuseet vil vere. Inngangsbilletten er sjølvsagt eit medbrakt slips.

INC GRUPPEN

Vi griper muligheter og skaper verdier



Foto: Svein Arve Nygård

SAGA FJORDBASE AS – Postboks 283, 6902 Florø – Tlf. 57 74 56 00 – Fax 57 74 56 66
E-mail: agnar.stromsnes@inc.sf.no

TS TUBULAR SERVICES AS – Postboks 283, 6902 Florø – Tlf. 57 74 56 00 – Fax 57 74 56 66
E-mail: egil.bjorkedal@inc.sf.no

FJORD BASE AS – Postboks 323, 6902 Florø – Tlf. 57 75 18 00 – Fax 57 75 18 01
E-mail: jim.haugland@inc.sf.no

INC INVEST AS – Postboks 6, 6901 Florø – Tlf. 57 75 18 00 – Fax 57 75 18 01
E-mail: vidar.gronnevik@inc.sf.no

INC ENGINEERING AS – Postboks 294, 6902 Florø – Tlf. 57 75 18 00 – Fax 57 75 28 88
E-mail: arne.stavoestrand@inc.sf.no

INC ENERGY AS – Damsgårdvn. 131, 5162 Laksevåg – Tlf. 55 34 80 30 – Fax 55 34 00 52
E-mail: geir.johannessen@inc.sf.no

INC VEDLIKEHOLD SVELGEN AS – Postboks 161, 6721 Svelgen – Tlf. 57 79 67 80 – Fax 57 79 67 99
E-mail: stein.ellingsen@inc.sf.no

NBN ELEKTRO AS – Postboks 3, 6901 Florø – Tlf. 57 75 28 00 – Fax 57 75 28 01
E-mail: anders.nodseth@inc.sf.no

NBN INSTALLASJON AS – Postboks 3, 6901 Florø – Tlf. 57 75 28 00 – Fax 57 75 28 01
E-mail: bjarte.liseth@inc.sf.no

WIS WEST INDUSTRI SERVICE AS – Postboks 44, 6901 Florø – Tlf. 57 75 27 00 – Fax 57 75 27 01
E-mail: jorgen.agledal@inc.sf.no

WISS WEST INDUSTRI & SKIPSSERVICE AS – Postboks 44, 6901 Florø – Tlf. 57 75 27 00 – Fax 57 75 27 01
E-mail: jorgen.agledal@inc.sf.no

WIC WEST INDUSTRI CONTRACTING AS – Postboks 44, 6901 Florø – Tlf. 57 75 27 00 – Fax 57 75 27 01
E-mail: arne.jan.kleiven@inc.sf.no

WIS INSTALLASJON AS – Postboks 44, 6901 Florø – Tlf. 57 75 27 00 – Fax 57 75 27 01
E-mail: jorgen.agledal@inc.sf.no

WIS VVS MILJØ AS – Postboks 44, 6901 Florø – Tlf. 57 75 18 86 – Fax 57 75 18 87
E-mail: bjarte.steinhovden@inc.sf.no

NCP NORSK CONTRACTING PARTNER AS – Fjord Base, Postboks 6, 6901 Florø – Tlf. 57 75 18 00
Fax 57 75 18 01 – E-mail: knut.hagen@inc.sf.no

NOM NORWEGIAN MARINE AS – 6940 Eikefjord – Tlf. 57 74 94 86 – Fax 57 74 94 87
E-mail: frode.tonheim@inc.sf.no

HAV HAVLANDET HAVBRUK AS – Postboks 323, 6902 Florø – Tlf. 57 75 18 00
Fax 57 75 18 03 – E-mail: bjorn.lillelien@inc.sf.no

HFL HAVLANDET FORSKNINGSLABORATORIUM AS – Postboks 5, 6901 Florø – Tlf. 90 61 80 71
Fax 57 74 55 21 – E-mail: kristin.bergstol@inc.sf.no

HMY HAVLANDET MARIN YNGEL AS – Postboks 6, 6901 Florø – Tlf. 57 75 18 00
Fax 57 75 18 01 – E-mail: halvard.hovland@inc.sf.no

www.incgruppen.no

# Kunstutstillinga



**Ziva Jelnikar** er fødd i Slovenia i 1975, ho er oppvaksen i Ljubljana og London og er utdanna landskapsarkitekt. Ziva arbeidar med et breitt spekter innan design- og håndverksfag og har hatt utstillingar i flere land. Sølvsmedfaget har ho lært av mor si, og arbeida kjenneteiknast av enkle, klare former, der verdien ligg i ideen og den håndverksmessige utføringa. For tida er ho busett i Bergen og har verkstad på Bryggen.

Sidan ho likar å burke tid ved sjøen, i Hardanger såvel som ved Adriaterhavet, tok ho til å samle den fine rekveden som ligg på strendene. Rekved kan nyttas til mangt anna enn jonsokbål, noko ramene syner godt. Dei har alle sin spesielle historie, med eller utan bilete i.

**Sasa Kerkos** er også frå Slovenia, ho er fødd i Celje i 1977. Sasa har utdanning i mellom anna visuell kommunikasjon frå akademia i Ljubljana, Helsinki og Zagreb. Ho har i dag eiga verksemd, og arbeidar i skjæringspunktet mellom illustrasjon, typografi, annimasjon og web-interaktivitet. Her i Eikefjord kan ein sjå arbeida hennar i profilen for Nærleiken. På ledige stunder finn Sasa glede i å arbeide med grafiske trykk.



Sasa og Ziva møttest på grunn av ramer og trykk. Den uttrykksfulle kombinasjonen av ramer rike på historie - og grafiske trykk fulle av nærleik, har mellom anna ført dei til til Louvre i Paris, og no til Eikefjord!

**Om utstillinga Little big things seier dei:**

*It is a spontanuous story-telling... about life, love,*
*the little, not so important things that surrounds us...*
*but these little things, they gain on importance if you learn to*
*SEE them ... like a coffee break with your best friend,*
*rainy morning, a warm hug, a smile of a child, holding hands,*
*stars in the sky...*




JANCO BILREP. AS
FLORØ – FØRDE
Mobiltlf. 900 72 263 / 915 71 130



**Ny 2009 modell**

**Honda Accord**

**vert vist fram på**

**Eikefjorddagane 2008!**

***Velkomen innom vår stand!***

**www.honda.no**




# Kunstutstillinga



**Tina Bøe Buer** er ei frisk jente på 22 år fra Os i Hordaland. For tida studerer hun foto ved Norges Kreative Fagskole. Inspirasjonskjelda for bileta hennar er for det meste naturen.

Tina er oppvaksen på gard, og har et nært forhold til planter og dyr, noko som tydeleg syner att i arbeida hennar. Denne fotoutstillinga vil by på noko for ein kvar smak.

Du vil finne delvis abstrakte bilete, og du vil kunne gle deg over bilete som skildrer samspel mellom menneske og dyr. Alle biletene vil vera til sals.








I tillegg har vi med oss Ford S-Max og Ford Mondeo





AutoForum

Førde: Tlf. 57 83 09 60
Florø: Tlf. 57 75 29 30

Feel the difference

Ford






PRICEWATERHOUSECOOPERS

## Revisjon og rådgjeving

Kompetansesenteret med 42 menneske innan revisjon og rådgjeving i Sogn og Fjordane.

**Partnerar:**

| | | |
|---|---|---|
| **Jan Ove Helle** | mobil | 95 26 13 33 |
| **Jan Flølo** | mobil | 95 26 13 21 |
| **Terje Bjerkan** | mobil | 95 26 13 44 |
| **Kjetil Myrland** | mobil | 95 26 13 14 |
| **Gunnar Bøyum** (adv.) | mobil | 95 26 13 13 |

**Florø • Sogndal • Førde • Måløy • Stryn**

*connectedthinking

Origod AS
Industrivegen
Postboks 274
6902 Florø
Telefon 57 75 21 40
Telefaks 57 75 21 41
www.origod.no

origod

**ÅPNINGSTIDER:**

| | |
|---|---|
| **Mandag** | **Etter avtale** |
| **Tirsdag** | **9–18.00** |
| **Onsdag** | **9–16.30** |
| **Torsdag** | **9–16.30** |
| **Fredag** | **9–16.30** |
| **Lørdag** | **9–13.00** |

**Timebestilling og drop-in!**

FRISØRBUA
DAME HERRE
***v/Eva Ramsdal***
6940 Eikefjord - Telefon 57 74 01 10

# Bergens Munnspillorkester




Bergens Munnspillorkester kjem med melodiar vi minnast, kjære og musikalske songar og melodiar som skapar stemning.





www.ewos.com




Vi ønsker Eikefjord Grendalag
lykke til med
Eikefjorddagane 2008!

EWOS®

**EWOS Florø** - Gunhildvågen - N-6900 Florø - Tel. +47 55 69 70 00 - Fax +47 55 69 71 01
**Adr. Hovedkontor** - C. Sundsgt. 17/19 - PO.Box 4, Sentrum - N-5803 Bergen - Tel. +47 55 69 70 00





*Foto: Brecht foto*

# «Heimalanne»

Heimalanne vart starta i 1997, og består i 2007 av Arne Bøe (vokal, gitar, munnspel), Dag Atle Håland (gitarar, mandolin, vokal), Skjalg Kaspersen (bass, vokal), Thor-Inge Stokke (trommer) og Bjørn Tore "Bucky" Aasheim (gitarar, vokal). Heimalanne' samarbeider og med fleire andre kjende musikarar, m.a. Egil Skjelnes (steel guitar), Dag Wolf (steel guitar), Øystein Fosshagen (fele) og Gunnar Bjelland (orgel/piano).

Heimalanne' markerte seg fort med sin særeigne musikkstil, som med sin folkelege appell høver godt både til dans, konsertar og andre kulturarrangement. Gruppa spelar berre eigne låtar med norske tekstar, framført på klingande striledialekt. Låtmaterialet spenner vidt – frå rå rock'n roll til rolege, neddempa viser.

Fleire og fleire har fått auge og øyrer opp for denne gruppa, som etterkvart har markert seg som eit framifrå liveband der publikum både lyttar til tekstane og let seg rive med av fengande melodiar og rytmar. Høg allsangfaktor er vanleg på Heimalanne' sine live-opptredenar – fans'en har for lengst lært seg tekstane til gruppa sine mange populære songar. Dette er ei gruppe du absolutt bør få med deg når høvet byr seg, for denne gjengen vil du garantert setja pris på!

På årets Eikefjorddagar spelar dei opp til dans på Allhuset laurdagskvelden!



Vi ønsker lykke til med

Eikefjorddagane 2008!




BM BYGGMAKKER

**BRULAND**
Bruland
6800 Førde
Tlf: 57 72 22 30
Åpent:
7-16.30(18). 9-13.30

**FLORA TANNLEGESENTER**
Telefon 57 74 22 63

Per A. Kristiansen
Spesialist Periodonti

Lars Knut Andersen

Synnøve Leikanger

– M U R E R –

Arild Vågane

Eikefjord - Telefon 57 74 48 72 - Mobil 918 82 143

M U R • P U S S • F L I S A R B E I D




# Open gard

Årets Eikefjord-dagar er so heldige å få open gard-arrangementet lagt til søndagen. Der vil det bli mange forskjellige dyreartar å sjå og oppleve – som høns, ponnie, minigris, kaniner, sauer m/lam, kasmirgeiter, esel og skotsk høylandsfe - for å nemne nokre.

Det vil bli utstillingar og forskjellige konkurransar, og sjølvsagt kan du også få ta deg ein tur på hesteryggen.

Foto: Marianne Kvamme








# INSTALLASJON:

**EL. INSTALLASJON, SERVICE OG VEDLIKEHALD FOR:**
**Industri • Bustad • Lakseoppdrett • Landbruk**
**Nymontering og service av varmepumpe**

# BUTIKK:

**Lampar • Skjermar • Støvsugarposar • Pærer/Lysrør**
**Varmeomnar • Div. elektrisk utstyr**

ELEKTROENTREPRENØR
**Eikefjord Elektro A.S**

Sentrum, 6940 EIKEFJORD - Tlf.: 57 74 45 90
Fax.: 57 74 45 70 - Mobil: 90 99 55 90 - E-mail: eikefjord.elektro@netcom.no

atema

***Industridata – din forbindelse med omverdenen!***

in data

Evjegata 10,
Postboks 622, 6903 Florø
Tlf. 57 75 87 00 - Fax 57 75 87 01
**www.indata.no**






**Safari**
ENGROS
Botnaneset - 6900 Florø
Telefon 57 75 77 50 - Telefax 57 75 77 51
**www.safariengros.no**




## UTSTILLARAR:

**Eva Kristin Dale**
Unike smykker sett saman av ulike komponentar som: krystall, swarovski, emalje, sølv, ferskvannsperler, zirkonia og capiz. Det finst stort sett berre eitt av kvart smykke.

Dei smykka som ikkje er av reint sølv er nikkelfrie. I tillegg har ho sjal hekla av englemasker, sjal/skjerf av silke/ull (nunofilting) og av rein ull (vanleg filting) samt dekorerte vesker av nepalull.

**Bjørg og Jens Heggestad – Elvebakken Gardsysteri**
I Veitastrond finn vi eit lite og eksklusivt gardsysteri. Geitene til Bjørg og Jens Heggestad beiter i Jostedalen nasjonalpark ved den mykje omtala fjelltoppen Kaldakari. Denne geitemjølka er utgangspunktet for den eksklusivt heimelaga ekte geitosten med same namn som fjelltoppen.

Med ekte geitost meiner vi ein brun geitost laga av 110% rein geitemjølk! I tillegg til geitosten vil Bjørg og Jens også ha med seg god gammaldags mylse for sal. Dette er varer som må smakas, så nytt høve til å slå av ein prat og få dykk ein smakebit.

**Trond Henrik Eplet – Eplet Bed & Apple**
Frå Solvorn kjem Trond Henrik Eplet med sin uimotståelege bringebærnektar. Dei saftige bæra er plukka i bygda innst i Sognefjorden og pressa same dag på Open Juice Factory i kjellaren på Eplet Bed & Apple.

Eplet er eit internasjonalt prega hostell med avslappa atmosfære, hengekøyer i hagen, gratis syklar til utlån og ein 9 mål stor frukthage. Les meir om Eplet sin gardsturisme i moderne format på www.eplet.net. Juicen blir for det meste seld til hoteller og kaféar. Under Eikefjorddagane kan også du få ein smakebit av foredla frukt frå vakre Solvorn. Nytt høve til å sikre deg nokre kartongar av denne himmelske bringebærnektaren! Og ikkje vent til toget er gått, for denne standen har vi berre glede av på laurdag.

**Steinar Knapstad – FjordAngus**
På Knapstad gard driv dei med kjøtfe av rasen Aberdeen Angus. Denne storferasen er spesiell med omsyn på feittmarmorering i kjøtet. Dette gjer at kjøtet vert særdeles smakfullt og saftig. For å få best mogleg kjøttkvalitet er det viktig med rolege og harmoniske dyr, og ikkje minst eit godt dyrehald.



Desse vakre dyra beiter i utmarksbeite og på innmark i skogen rundt Knapstad. I samarbeid med Gilde Vest har dei fått til eit opplegg som kallas Fjord Angus. På Eikefjorddagane bør dykk nytte anledninga til å kjøpe ein ferdigpakka 20 kg kartong av okse bakpart. Dette er gourmetmat!

Quality Hotel Florø
– byens beste beliggenhet

QUALITY HOTEL
BY CHOICE HOTELS

Hotellet har en hyggelig atmosfære og en meget god restaurant med gjennomgående maritimt preg. Her serveres á la carte, småretter og dagens rett. På fine dager åpnes dørene til bryggen slik at ramsalt sjøluft kan trekke inn. Med utsikt til båthavnen kan du også nye mat og drikke på bryggekanten.



Velkommen til en hyggelig hotellopplevelse nær havet i Florø!



For bestilling ring
+47 57 75 75 75

QUALITY HOTEL FLORØ
Hamnegata 11, N-6900 Florø
E-mail: q.floro@choice.no
www.qhf.no

H. Nygård as
Evja, Postboks 173, 6901 Florø
Tlf.: 57 74 25 11 - Fax: 57 74 04 72 - E-post: firmapost@hnygaard.no
MESTER
VENTILASJON • FASADE • TAK • METALLKUNST
Mandag–fredag kl 07–16 • Lørdag 10–13

Kinn Regnskap AS
HYGGELIGE MENNESKER
- Regnskap
- Fakturering
- Budsjett
- Lønn
- Økonomisk rådgivning
- Årsoppgjør

Besøksadresse:
Kinn Regnskap AS
Hestenesgata4,FloraNæringshage,6900Florø
Tlf.57751430–www.kinn-regnskap.no

# UTSTILLARAR:

## Bjarte Midtbø – Kystvilt



På garden Skogheim i Fjaler kommune har familien Midtbø starta kontrollstasjon og mottak for hjort. Dette er utgangspunktet for deira gardsmatproduksjon. Kystvilt sel både kjøtt og vidareforedla produkt av hjort, og har etter kvart opparbeida seg til å få eit solid omdømme når det gjeld kvalitet.

Ein god del varer vert levert direkte til fleire av dei store restaurantane i Oslo. Hjorten er ein viktig ressurs her i fylket, og med si eminente vidareforedling, gjev Kystvilt oss ein god smak av den norske fauna.

## Jostein Gangstø – Tønneprodusent

***Samnøy, 5642 Holmefjord***
***tlf./fax 56 58 29 59, mobil 971 11 153 - E-post: jostein.gangsto@fusi.no***



På Eikefjorddagane vil du finne oss med eigen stand. Der vil du få sjå mange fine produkt basert på tradisjonelt bøkkerhandverk. Vi produserer bl.a. sittegrupper av tønner for vaksne og barn – halvtønne, heiltønne og stampar til salting av kjøt og fisk m.m. Dessutan til dekorasjonar og beplanting. Og vedfyrt badestamp!

Eikefjord var for kort tid sidan ein bøkkerhovudstad i regionen. Vi gler oss til å snakke med dei som ikkje kjenner til dette handverket - og med «gamle» bøkkerar frå Eikefjord. Med andre ord – god historieformidling. Vi snakkast!

## Guus Morel – Alm Gard Iskrem

I den vakre bygda Feios i Sogn har dei fått innflyttarar som satsar utradisjonelt. På Alm Gard finn vi Telemarkskyr, høns, grønsaker og bringebær. Med utgangspunkt i eigne råvarar produserar Guus Morel og familien heimelaga iskrem etter tradisjonelle oppskrifter. Nydeleg og velsmakande is laga av frisk mjølk, fløyte og egg, og smakssett med sjølvdyrka friske fruktar. Denne isen inneheld ikkje kunstig aroma, fargestoff eller konserveringsmiddel. Under årets Eikefjorddagar kan du forfriske deg med eit slikt unorsk gardsmatprodukt.  Kven veit om ikkje det her er fare for at det vert utseld tidleg…

## Per Stavang – Neset Røykeri

I nabobygda Nordalsfjord ligg Neset Røykeri. Her røyker laksekongen Per Stavang laks til dei finaste restaurantar. Kvaliteten på denne delikatessa tilfredsstill dei mest kresne ganar. Kunsten å røyke laks beherskar han til fulle. Under Eikefjorddagane 2007 kan du nytte moglegheita å kjøpe med deg litt røykt vare du også. Du bør legge turen innom Per Stavang og sikre deg ei side med røykt laks.




**Topp kvalitet – Best på service**

ARBEIDSOMRÅDE:
- Total rehabilitering av baderom
- Sanitæranlegg
- Vannbårne varmeanlegg
- Pumpeanlegg

*Servicebil i Flora (Eikefjord) og Bergen!*

**Mestermo VVS**

Sentrum- 6940 Eikefjord
Tlf. 57 75 33 10 - Faks 57 75 33 11
**Mobil 916 11 279**
**E-post: post@mestermo.no - www.mestermo.no**

Vi ønsker til lykke med arrangementet!

UCO UTLEIECOMPAGNIET

**UCO - Utleiecompagniet**
**Hamregata, 6900 Florø**
**Tlf. 400 01 856 - Telefaks 57 74 39 11**
**E-post: floroe@uco.no**



# UTSTILLARAR:

## Inga Sæterlid – natronkake og gimpa dåpskjole



Natronkakene til Inga Sæterlid får dei fleste til å verte mo i knea. Inga Sæterlid veit å ta vare på gamle tradisjonar.

I tillegg til å lage natronkaker, tek ho vare på den meir sjeldne teknikken gimping. For dei uinvidde, kan vi opplyse om at gimping ikkje har noko med mat å gjere. Dette er ein husflidsteknikk. Inga Sæterlid vil ha med seg ein vakker gimpa dåpskjole for sal.

## Einar og Astrid Nedrebø – troll, never og treprodukt

Trur du på tusser og troll? Kom til denne standen og sjå om ikkje du finn eit sjarmerande lite troll du kan ta med deg heim. På Vassenden bur eit kreativt ektepar som likar å arbeide med hendene. Einar og Astrid lagar mykje fint. Under Eikefjorddagane kan du glede ditt auge med å sjå alle dei fine produkta i never og tre i tillegg til dei livaktige små trolla.

## Åse og Anita Hamn – Saum og Strikk



Åse er vår faste humørspreiar i marknadsteltet. Både ho sjølv og produkta hennar er til å bli glad av. Åse syr vadmelsvestar med skinndekor, hattar, beltepungar, samt diverse dekorerte vesker av mindre storleik som kan nyttast til ulike høve. I år som i fjor har ho også med seg dei fargerike strikkeprodukta som er laga av dottera Anita. Dei fjonge trekantsjala i spreke farger er laga både i bomull og i eksklusiv alpakkaull. Med friske fargar og snerten design kan einkvar kvinne pynte seg til kvardags og fest.

## Anja Cecilie Sletthaug



vart ferdig utdanna gullsmed i 2001. Ho held til i Åsane, kor ho bur og arbeider. Anja Cecilie er tru mot handverket sitt, og lagar alle sine smykke for hand. Du finn difor berre få av kvar type, og alle er laga i 925S. Desse vakre smykka vert produsert i eigen verkstad på Åsane. Nytt høve under årets Eikefjorddagar til å få deg ditt eige unike sølvsmykke.

## Annika Klocke – Lille Frosk

Sommaren 2007 etablerte Annika Klocke leikebutikken "Lille Frosk". Det starta med import av ting ho sjølv saknar innan baby/barneleiker for sine eigne barn. Utvalet har no blitt stort og dekker alt frå babyleiker til brettspill for vaksne og mykje anna du ikkje visste at du trengte.

www.lillefrosk.no

Min grossistforbindelse: HEIDENREICH
www.heidenreich.no

Tilbyr alt innen VVS
• Rehabilitering
• Nybygg
• Sertifisert plastrør-sveiser

EIKEFJORD RØR AS
RØRLEGGERMESTER SVEIN KNAPSTAD
6940 Eikefjord - Tlf. 57 74 65 60
**Mobil 958 89 090** - Fax. 57 74 65 61
MESTER
GODKJENT FOR ANSVARSRETT

A til Å Reklamebyrå vil vere eit reklamebyrå som gjennom erfaring, kunnskap og nysgjerrigheit skapar resultat

www.atila.no
Tlf. 57752900
Evja, 6900 Florø

KOMMUNIKASJON
GRAFISK DESIGN
PROFILPROGRAM
LOGOUTVIKLING
WEB
MERKEVAREBYGGING
TEKSTASSISTANSE

provide

Vi gjør det lettere for deg og din bedrift!

AS Provide
Hamregata 1, N-6900 Florø, Norway
Postadr.: PB. 23, N-6901 Florø, Norway
Tel. +47 57 75 77 00
E-mail: post@provide.no - www.provide.no





# UTSTILLARAR:

**Laila Winther Sørebø – Winther-Art**



Bur i Florø. Malepenselen er hennar verktøy (ho malar det meste, unntagen portrett.) Ho gjer fleire teknikkar; rosemaling, porselensmaling, dekormaling, kunstmaling/collage/blandingsteknikk. Lagar/malar også kort. Decopage saman med andre teknikkar. Ho samlar på utklipp, div. papir og mykje anna i tilfelle ho kan få bruk for det i eit bilde eller på kort. Ho har sine røter frå Alta i Finnmark og Lofoten. Har halde på med noko kreativt så lenge ho kan hugse... Inspirasjonenskjeldene er mange: Gode fargerike minner frå barndomen, naturen (alle årstider) i nord og her, folk som kjem og går i livet hennar, stemningar, kysten, jobben på Havglytt, hagen, ja alt ein har med seg i livet... det er så mykje..

**Grete og Asbjørn Alden** - er eit ektepar i 60- åra frå Stryn. Medan Asbjørn laga og produserer trevarer som kaketiner og fat, rosemåler Grete dei i telemark stil, blanda med si eiga inspirasjon. Dette er ein hobby for ekteparet som dei byrja med for 10 år sidan. Dei lagar mest kaketiner, ølbollar, fat, bundasskrin mm.

**Signe Karlsen**



- bur i Aurland i Sogn. Har hytte i Litle Høydal.
Ho har strikka for salg i ca. 45 år. Tidlegare strikka ho jakker og gensarar, men dei siste åra har ho for det meste strikka mindre plagg. Har vore på messer i Sogn, det er fyrste gongen ho deltek på Eikefjorddagane. I sommar har Signe Karlsen vore på strikketur til Shetland. Der var ho på ullvarefabrikkar, og fekk kjøpe det flotte Shetlands-garnet. Der utveksla ho strikketeknikkar med lokale strikkarar.

**Elin Søvik Hjelden og Arnhild Engen - Hau`n Håndlaga ans**



Hau`n Håndlaga er ei lita husfldsbedrift med kvalitetsvarer som vart starta for 6 år sidan. Mellom høge fjell på garden Hau`n i Innfjorden, 1 mil frå Åndalsnes i Møre og Romsdal, har bedrifta sitt salgs og produksjonslokale. I eit over 100 år gamalt våningshus produserast det for det meste tova produkt. Her lagar dei sitteunderlag, hattar, sjal, vesker, bilde, løparar, figurar, bruks og pynteting til jul m.m. Du finn og vevde ting her som åkle , løparar og skinnfellar med åkle på. Damene sin ide, som begge er husflidsutdanna, er å ta vare på gamle husflids og handverksteknikkar, men tilpasse dei til dagens fargar, former og behov.

**Odd Birger Jensen - Brito pølser -** kjem med sine mange pølseslag. Reiser rundt i heile Norge og er alltid smilande og blid. Har nokre eigne oppskrifter på pølser, men andre produserer dei for han.

**Aud Karin Stadheim** - kjem frå Sogn med heimeplukka moreller og pærer.

STATOIL
– FORANDRER HVERDAGEN
Statoil Butikk Florø
Krokane - 6900 Florø
Telefon 57 74 91 77 - Telefaks 57 74 91 78

Hans Endestad
MINIMASKINUTLEIGE
2,5 TONN
6940 Eikefjord
Telefon 57 74 90 40 - 40 21 65 71

Vi forhandlar:
LUNA - METABO
STHIL - KJØKKENUTSTYR
Leverandør både til forbrukar og industri!
Jernia Snorre
Hestenesgaten 4
6900 Florø
Tlf. 57 74 28 08 / 57 74 15 40
JERNIA




*Illustrasjon:*
*Ide – Silje Fraas*
*Utforming – Lone Bareksten*

# Ny maskot på Eikefjorddagane!

***Hei – eg heiter Eike!***
Du vil treffe meg på Eikefjorddagane i år. Eg er ein ekte Eike-gut som er full av liv og røre. Eg vert å sjå rundt omkring i sentrum og vil gjerne treffe deg!!!
Kanskje har eg noko til deg?
Sjå etter meg på Eikefjorddagane – kanskje kan vi ta oss ein tur saman i tohjulstraktor-taxien? Vi talast!

***Helsing*** EIKE




**Slakteriet AS**
Boks 393, 6900 Florø
Telefon 57 74 98 00
post@slakteriet-as.no

Slakteriet

Knapstad Bygg as
– ein triveleg leverandør

Postboks 472, 6903 Florø - Telefon 41 26 52 88 - epost: arnt.knapstad@c2i.net


# Badestranda

Sommer og sol betyr bading og grilling. Alt dette finn du på vår nye møteplass i bygda – Badestranda på Sørbøn.

Det har vore eit yrande liv denne sommaren og mange flotte sommarsdager på stranda.

Servicehuset med dusj og toalett er på plass og no gjenstår ein del detaljer som meir grøntområde, meir asfalt, meir sand + + +   Men det kjem!!!



Foto: Roger Eltvik

Vi minnast orda til Fylkesordførar Nils R. Sandal då vi heldt på med byggeprosessen:

***"Badeanlegget og promenaden i kyrkjebukta er bygdeutviklingsarbeid på sitt beste og nok eit bevis på at det er rett å satse lokalt".***



Foto: eikefjord.net

*Amfi – Norges største senterfamilie*




AMFI FLORØ

**Man–fre: 10–18 (Rema 9–22) • Laur: 10–16 (9–20) • amfi.no**






# www.eikefjord.net

Eikefjord.net har vokse seg fram til å bli den viktigaste informasjonskanalen på internett for bygdefolket og ikkje minst utflytta eikefjordingar. Her kjem lokale nyheter på løpande bånd, saksa frå lokalpressa eller produsert av lokale **dugnads-medarbeidarar**. Fleire av nyhetene blir også saksa av andre aviser og nettsteder for vidareformmidling. Historia om slipsmuseet vart først publisert på Eikefjord.net før den gjekk som varmt hvetebrød over heile landet.

Mykje av stoffet blir lagt ut av **Odd Asle Endestad**, men enkelte lag har sine egne skribenter som legg ut informasjon. På denne måten blir nettstaden meir variert og dei laga som bruker nettstaden aktivt får informasjon lett ut til sine medlemmer. Eikefjord.net takker spesielt Ingeborg i Skyttarlaget, Kjell i Skigruppa og Mona i Koriander for deira bidrag på nettsida. Andre lag og enkeltpersoner som er interessert i å legge ut informasjon er hjerteleg velkommen til å bli med på laget.

Planene til eikefjord.net er fortsatt vere ein stor informasjonskanal for bygda, men også utvide horisonten bakover i tid. Historia for Eikefjord blir eit stort satsingsfelt framover. Reidar Høyset har alt starta arbeidet med å samle informasjon om ordførarane i gamle Eikefjord kommune og skal ein få alle sider av Eikefjord historia belyst treng ein hjelp av mange. Historier, fakta og bilder må samlast inn og tilordnast publisering på nett. Materialet som her blir samla inn kan også bli ei god kilde for den som seinare vil samle Eikefjord historia mellom to permer.








Foto: eikefjord.net














# *Ein smak av tidlegare Eikefjord-dagar!*

*På Eikefjorddagane finn du aktivitetar tilpassa både store og små.*
*Ta med deg heile familien og kom til årets arrangement!*





**Eikefjord Grendalag**




Eikefjord Bygg as
6940 Eikefjord
Tlf. 57 74 70 08 - 909 94 023
GODKJENT FOR ANSVARSRETT
MESTER


FLORØ
BILSKADE AS
Gunhildvågen 6900 Florø
Tlf. 57 74 01 30

Din sikkerhet – vårt ansvar!

SunTech
SALG & UTLEIE AS
av kraner, lifter og løfteredskaper
Meierikaia - Florø
Tlf. 57 75 00 20 - Fax 57 75 00 21
salg@suntech.no

SunTech
TEST & INSPEKSJON AS
Mårkroken 3, 6900 Florø
Tlf. 57 74 77 60 - Fax 57 74 77 92
test@suntech.no




råd & regnskap®
Lindheimvegen 1 • 6900 Florø
T. 57 75 25 00 • F. 57 75 24 90 • post@rr-f.no
Florø • Førde • Bremanger • Bergen
www.rr-f.no

FARGERIKE®
FLORØ INTERIØR A.S
EVJA - TELEFON 57 74 03 66

Florø Stål AS
MEKANISK VERKSTAD
Leirvåggt. 2 - Pb. 29 - 6901 Florø
Tlf. 57 74 45 80 - Mobil 41 54 12 38 - Fax 57 74 00 40
PREFABRIKASJON OG MONTERING AV STÅLKONSTRUKSJONAR - REPARASJONAR OG VEDLIKEHALD



EIKEFJORDDAGANE 15.–17. AUGUST 2008

VI LEVERER ALT INNEN:
BOSCH Service
Parafin, fyringsolje, marine gassolje, farga og blank diesel
Smøreoljer - Kjemiprodukter - Bunkring fra flytebrygge (24 t)
Godkjent bilverksted og person- og lastebil
Florø Bil & Havneservice Strandavegen, 6900 Florø
Tlf. 57 74 05 30 - Faks 57 74 05 31 - Vakttlf. 41 40 00 10 - Sjåfør 959 33 876

Synsenteret
FØRDE • FLORØ

Hans Blomgate 39 - 6900 Florø - Telefon 57 75 81 20 - Faks 57 75 81 21

SOLSKJERMING
Pilkington Team Partner
KJELLGROV
glassmesterforr.
6800 FØRDE
57 82 18 17
Mobil 911 33 022 - E-mail: glm.grov@online.no

JOH BLIKK
www.johblikk.no
for kvalitet
Trolleskjæret Gunhildvågen
Postboks 148, 6901 Florø
Telefon 57 74 38 05
Telefaks 57 74 04 55
E-post: edvard@johblikk.no






# VELKOMMEN

*til en hyggelig og lønnsom*
*traktor- og redskapsprat*
*på vår stand!*

**Aase Landbruk a/s**
6973 SANDE I SUNNFJORD
Tlf. 57 71 64 40 - Mobil 990 98 850




Hafstadvegen 29, Postbok 679, 6804 FØRDE
Tlf.: 57 82 76 00 - Faks: 57 82 76 01 - fjordane@interrevisjon.no

Inter Consult LUNDE REVISJON

Inter revisjon
www.interrevisjon.no/fjordane

**FLORØ KJØLESERVICE A/S**
- eit lett val

FKS

Nesjane - 6940 Eikefjord
Tlf: 57 74 90 53 - Fax: 57 74 90 34
Mob. 971 99 322
e-post: florokj@start.no
www.fks-service.com

BESØKSADRESSE: NESJANE INDUSTRIOMRÅDE, EIKEFJORD

# Eikefjord Taxi

TAXI – MAXITAXI – TURVOGN

Orazio Elide
Tlf. 57 74 26 00 - 900 67 470




Vi tilbyr sal og reparasjonar av ulike reiskapar!

Vår målsetjing er å yte god hjelp og service til kundane våre.
Vi har eigen serviceverkstad i Brandsøy, der utfører vi reparasjon og service på grasklipparar, snøfresarar og anna utstyr.



AUTORISERT FORHANDLAR FOR:
STIGA®

Kjelsnes
Sag og plenklipperservice

Postboks 382 , 6902 Florø - Mobil 91 88 85 18
E-post: post@kjelsnes.no - Internett: www.kjelsnes.no

REMA 1000

Bare lave priser

**REMA 1000 Snorre Senter**
Hestenesgaten 4 - 6900 FLORØ
Telefon 57 74 28 60 - Faks 57 74 28 61

**REMA 1000 Evja Sør**
6900 FLORØ
Telefon 57 74 00 50 - Faks 57 74 05 58

**MANDAG–FREDAG 0800–2300 – LØRDAG 0800–2100**

# Mi Firda
# Abonnementservice på nett
# – 24 timar i døgnet!




Abonnement

**KLIKK HER** og logg inn med passordet ditt.

**KODEN** for innlogging finn du på Firda-kortet ditt!




**Dette kan du gjere på Mi Firda:**
• omadressere avisa • bestille oppbevaring av avisa
• melde frå om manglande avislevering
• gi bort avisa medan du er på ferie
• sjekke økonomisk status på abonnementet ditt
• endre/registrere fakturaadresse
• endre/registrere telefonnummer og e-postadresse

**Besøk vår abonnementsservice på nett** på www.firda.no og ver med i trekninga av flotte premiar.

Kvar veke trekkjer vi ut to vinnarar blant dei som er innom Mi Firda.

FIRDA





**Flora kommune**

atema - Foto: Crestock

*Flora kommune ynskjer alle velkomne til ei triveleg familieoppleving på*

# *Eikefjorddagane 2008!*



www.flora.kommune.no

marine & subsea
industritjenester

Våre motto:
«Riktige leveranser til riktig tid!»





**Vi kjører ikke Rolls-Royce, men vi jobber for dem...**
Ønsker du å jobbe i en bedrift med spennende og krevende kunder innen industri, marine og subsea? Da er du velkommen til et ungt og ekspansivt miljø som tar vare på sine medarbeidere og gir dem utviklingsmuligheter.
**Vår kundeportefølge er:**
Rolls-Royce Marine, FMC Kongsberg Subsea, Aker Kvaerner Subsea, Vetcogray osv.
For flere opplysninger ta kontakt med Robert Ullaland eller Fritz Borgen.

Industritjenester AS - Evjegata 10 - Postboks 625 - 6903 FLORØ
Tel.: +47 57 75 87 10 - E-post: robert@industritjenester.no - www.industritjenester.no

**Din totalleverandør av byggevarer!**

**Mestersalg Florø AS**
Evja Sør, 6900 Florø
Tlf. 57 75 79 90 – Faks 57 75 79 99
**www.byggeriet-floro.no**

BYGGERIET

**Byggeplaner?**
Systemhus har markedets mest komplette leveranse.
Spesielt stolte er vi over vårt Friske Hjem-konsept.
*Ta kontakt, så forteller vi deg mer.*

Svein Steinhovden
byggservice a.s

Postboks 474, 6901 Florø
Tlf. 57 74 07 30 - Faks 57 74 06 80 - E-post: bafloroe@online.no

SYSTEMHUS




Vi ønsker til lykke med Eikefjorddagane 2008!



Steinvik Fiskefarm

Steinvik Fiskefarm as, 6940 Eikefjord
Telefon 57 75 25 90 – Fax 57 74 82 20

Vatn med ulike smakar frå Olden finn du på Eikefjorddagane 2008!

OLDEN
FRA ISBREEN

– gjør det mulig

Kolkaia, 6900 Florø
Telefon 57 75 74 80 - www.nordea.no

Nordea




Vil du vite meir kontakt oss på
telefon 57 88 47 00 eller sjå www.sfe.no

SFE NATURGASS

MERCATUS

– Leverandør av IT-systemer
til havbruks- og landbruksnæringen

Vår kundeporteføljе består av selskaper som:

- Marine Harvest
- SalMar
- Lerøy Hydrotech
- Codfarmers
- Camanchaca
- Sjøtroll
- Skretting
- Ewos
- Gilde
- Ariztia
- Nutreco m.fl.

Mercatus har hovedkontor i Florø, med regionale kontorer i Skottland og Chile.
Totalt 30 ansatte. Alle våre produkter er web-baserte og benytter Microsoft-teknologi.

**Mercatus AS**, Hestenesgata 4, P.O. Box 492, 6903 Florø Norway
Tel. 57 75 22 90 - Fax. 57 75 22 91 - www.mercatus.no

AUTORISERT
ENTREPRENØR

TRYGVE
ULLALAND AS

Vågavegen, 6900 Florø
Telefon 57 74 17 93 – Telefaks 57 74 21 44 – Mobil 90 62 29 96
E-post: anna@ullaland.no / thor-arne@ullaland.no – www.ullaland.no

LARSEN
KONTOR & DATA AS

DATA • KOPI • FAX • IT-DRIFT
Salg - Service - Vedlikehold - Leie - Leasing - Finansiering
EGET SERVICEVERKSTED MED 3 TEKNIKERE
Markegt. 5–7, 6900 FLorø - Tlf. 57 74 08 60 - Fax 57 74 07 66 - Mobil 90 14 70 50

VAARDAL A/S
ETABLERT 1915
BLIKK OG VENTILASJON
Postboks 296 - 6901 Florø - Tlf. 57 74 22 75 - Fax 57 74 04 38 - Mobil 915 45 477

*Du finner oss på «sidelinjen» – skilt eller banner!*
KRUSE
REKLAMEPRODUKSJON
Evja, 6900 Florø - Telefon 57 74 29 89
E-post: kruse@kruse.biz - Internett: www.kruse.no

GLOBAL FISH
Global Florø AS, Gunhildvågen, 6900 Florø
Tel +47 70 13 66 90 - Fax +47 70 13 66 91

Rognaldsens GARTNERI as
6900 Florø
Telefon: Utsalg 57 74 20 42 - Gartneri 57 74 22 94
OASEN Hageland

atema
www.floro-ror.varmeogbad.no
VI ER PÅ
**Eikefjorddagane 2008**
*Kjem du?*
VB VARME & BAD
Florø Rør AS
Vanntett kvalitet!
Ole Aaserudsgt. 5, Evja, Postboks 464, 6901 FLORØ
Tlf: 57 75 20 40 - Faks: 57 74 26 34
Vakttelefon: 41 55 23 70 - tone@floro-ror.no

Mekanisk verksted med tilknytning til kai, der vi utfører reparasjoner og ombygging på båter og fiskeflåten.
Prefabrikering og montering av rør og stålkonstruksjoner.
Utleie av personell for stål- og rørarbeid.
FMV
Florø Mekaniske Verksted AS
Postboks 79, 6901 Florø • Besøksadr.: Fjordgata 3, 6900 Florø
Tlf. 57 75 38 00 - Mobil 977 43 112 - Faks 57 75 38 01
E-post: post@floromek.no

*Ta kontakt med oss før alt blir helsvart!*

ADVOKATENE
WALTER HØIVIK - STIG NYBØ
MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING
Telefon 57 74 17 77 - Telefax 57 74 03 20 - E-mail: hoivik.nybo@c2i.net

Vi gir deg smaken av Eikefjorddagane 2008!



EIKEFJORD HANDEL A/S – HAVN AUTO AS

SPAR
Telefon 57 74 47 16

VIKING REDNINGSTJENESTE
Telefon 57 74 46 08

STATOIL
Telefon 57 74 47 16

- Skipsinnredning
- Spesialinnredning
- Duralmond
- Kontormøbler
- Skipsdørk
- Maxit gulvavretting

VESTNES INNREDNING AS
Postb. 409, 6901 Florø - Leirvåggt., 6900 Florø
Tlf.: 57 75 20 70 - Faks: 57 75 20 71
www.vestnes-innredning.no

ELKJØP FLORØ
Besøksadresse: Hamnegata 1 - Postadresse: 6900 Florø
E-post: floro@elkjop.no - Telefon 57 74 67 77
Åpningstider: Man - Fre: 10- 17, Tors: 10-18, Lør: 10:00 - 16:00





# Konsert – Koriander m/solistar



**Olaug Elise Alvheim:** Den godt halve sunnfjord/strilakvinna bur saman med famlien sin på ein gard i Steinhovden i Flora kommune. Heilt sidan ho var lita jente og stod framfor speilet med hårbørste som mikrofon og spelte sangstjerne har Olaug vore opptatt av sang og musikk.. Draumen om ei sang karriere har vore med i bagasjen. Livet på scena starta som vokalist i ein duo. Etter eit par år der gjekk vegen videre til Stryne-bandet Twilight, som i 2005 gav ut albumet "Working Hard", der ho står bak tekst og melodi på fleire av songane. Dei siste åra har Olaug også tatt på seg å være sanger i begravelser. Sommaren 2007 reiste Olaug på ei musikalsk pilgrimsreise til Nashvill. Der fekk ho spelt inn ein eigen sang "Dream to remember", som gav ho eit løft og ein motivasjon til å satse meir som solo artist. Sangen toppa fylkestoppen hausten 2007 og den fekk 2 plass som årets fylkestopplåt. Olaug var også ein av fem finalister til årets artist i Sogn og Fjordane -2007. Olaug E. Alvheim trekte seg ut av gruppa Twilight i romjula-07, og har ambisjoner om å spele inn ei eiga plate på sikt. Akkurat no er det familielivet som står på dagsorden med familieforøkelse til hausten.



**Laila B. Førde** er født og oppvaksen yst ute i havgapet, nærmare bestemt Bremanger. Ho er mest kjent som tidlegare saksofonist og korist i visepop gruppa Fabel. Dei seinare åra har ho satsa meir og meir på eiga solokarriere som vokalist, saksofonist og låtskrivar. Laila B har spela på Eikefjordagane ved fleire høve, og det er ingen tvil om at ho trivst i Eikefjordingane sitt selskap, sidan ho gong på gong kjem attende på musikalske tokt. Denne gongen blir det også urframføring av ein song som er spesialskrevet til akkurat denne konserten. Her har Koriander fått spesialskrevne notar på ekte "Brømångs" dialekt og til og med publikum har fått seg ei eiga melodilinje og skal få ta del i harmonien. So klargjer strupane, for her blir det ikkje berre servert musikk til å høyre på, her skal publikum også få synge med.







## «Spontan»

Spontan er ei dansgruppe under «Dans uten Grenser». Målet er å formidle danseglede ung til ung. Alle i gruppa er kvalifiserte danseinstruktørar. Det siste året har dei hatt elevgruppe som dei har vore intruktørar for. I slutten av august reiser dei til Malawi for å danse på barneheimar og skular. I Eikefjorden har  Andreas Hopen og Benjamin Heimseth hatt ei dansgruppe med 9 elevar i skuleåret 2007/2008.

***Du ser dei i aksjon søndagen under Eikefjorddagane!***



## Gjestebrygga i Eikefjord

Eikefjordfjæra har alltid vore viktig for nyskaping. Eikefjord har fått ny flott gjestebrygge. Eldsjeler i bygda har saman teke dette flotte initiativet.

Gjestebrygga er plassert ved moloen til Eikefjord Elektro, det er tilgang til vatn og straum. Det er kort veg til Nærleiken som serverer mat og drikke.














# Veteranbuss - hugsar du denne?

Var du ein av dei som tok melkeruta til Hyen? Under Eikefjorddagane kan du få oppleve ein ny tur med denne bussen. Det vert høve til å ta turar rundt om i bygda og drøyme deg 50 år tilbake i tida.

Ta med barnebarnet og fortel om alle melkerampane som stod rundt om på gardane…

Det er eldsjelene frå Firda Billag med Håkon Råheim i spissen som har restaurert bussen og kanskje vert det nettopp han du møter som sjåfør.





HAV dyrkerne

vi skapar liv

HAVdyrkerne BA
P.b. 453, 6903 Florø • Tlf.: 57 75 01 20
post@havdyrkerne.no

www.havdyrkerne.no

MASKINENTREPRENØR

Audun Ramsdal as

6940 Eikefjord
Mobil 952 96 060
Telefon 57 74 75 10 - Fax 57 74 75 11
audun@ramsdalmaskin.no
www.ramsdalmaskin.no





*Åshild og Tor Otto Kjelsnes framfor den nye verkstaden heime i Brandsøy.*

# Kjelsnes Plen og gressklipparservice

Eikefjord Grendalag takkar for sponsing av ny plenklipper! Grendalaget sler no stranda og sentrumsområdet i Eikefjord og det er Kjelsnesen som har sponsa klipparen - ein Tiga multiklippar!
Vi har sidan dei første dagane i 2003 alltid hatt med oss Kjelsnes Plen og gressklipparservice, og dei kan stå som eit godt døme på kor viktig det å vere representert på stand under ED.

Det betyr at Eikefjorddagane er ein plass for å gjere ein god handel - at dagane fungerer som ein marknadsplass for små og store.



*Plenklipparen er ei generøs gåve til Eikefjorddagane frå Kjelsnes. Leiar i Eikefjord Grendalag, Per Øyvind Sørbø, takkar hjarteleg.*




# Eikefjordprisen!

Eikefjordprisen vert tildelt enkeltpersonar, lag, organisasjonar eller bedrifter som i ord eller handling har medverka til positiv utvikling for Eikefjord. Målet med Eikefjordprisen er å stimulere til aktivitet som kan vere med å utvikle Eikefjord til eit samfunn der samhandling og lagånd pregar arbeidet for "det gode liv".

Prisen vart fyrste gong delt ut i 2004 og gjekk til personane som stod bak realiseringa av den flotte gjestebrygga i sentrum. Skigruppa i EIL fekk prisen i 2005 for innsatsen på skianlegget på Humlestølen. Bygdas infokanal –Eikefjord.net – fekk prisen i 2006. Eikefjord.net har vakse seg stor og kjend langt utover kommunegrensa. Dugnadsånda i Eikefjord-symbolisert gjennom Ragnhild Høyseth og Elisabeth Ellingsund fekk prisen i 2007.

***Søndag 17. august kl 15.00 kan du få høyre og sjå årets vinnar…***









Eikefjord blomster as

Sentrum - 6940 Eikefjord - Tlf. 57 74 46 01




# Utan mat og drikke...

Som seg hør og bør på Eikefjorddagane 2008, vil det bli eit variert utval av moglegheiter når ein kjenner svolten banke på. Det bør vere nok for einkvar smak også her!

- Grilling av mat ved Gjestebrygga. Her får du eit godt måltid servert av Sunnarvika Sanitetslag.
- Rømmegraut. Er du glad i rømegraut med spekemat, så har vi sjølsagt det på menyen. Dei dyktige damene i ulike sanitetslag og bygdekvinnelaget kan lage graut! Ta turen bortom Festivalscena (ved banken).
- Huldreskogen. Fokuset på denne matstasjonen vil verte retta mot dei yngste. Kjent mat for barna vil bli tilberedt med humør og glede av «Bestemorlauget».

*Kaffi og kaker vert det på Allhuset. Eikefjord Pensjonistlag serverer kaffi med gode sveler attåt! Det vil også bli sal av kioskvarer og anna leskande på ymse stader under Eikefjorddagane!*



- PLASTPRODUKSJON
- SLIPPING
- OMBYGGING
- PREFABRIKERING KJØLE-/FRYSCONTAINER

NOM NORWEGIAN MARINE AS

6940 Eikefjord
Telefon 57 74 94 86 - Telefax 57 74 94 87


## Barneaktivitetar

- Ansiktsmaling
- Maskoten Eike
- Kongleriket
- Hesteridning (søn)
- Spikking
- Dyreutstilling
- Tohjulstraktortaxi
- Elias-båten
- Gråtass
- Radiostyrte bilar, fly og båtar
- Veteranbuss
- Bilutstilling
- Open gard (søn)
- Gravemaskinkøyring
- Fiskekummer
- Gassballonger





Foto: eikefjord.net

atema

*Vil du være med på vårt lag - ta kontakt med oss!*




*Vi trenger flere fagfolk innen følgende disipliner:*
*Arbeidsledere - Instrumentrørleggere - Industrirørleggere*
*Industrimekanikere - Platearbeidere - Sveisere - VVS Rørleggere*

**WIS GRUPPEN**

Postboks 44 - 6901 Florø
Telefon 57 75 27 00 - Telefax 57 75 27 01
jorgen.agledal@inc.sf.no - www.incgruppen.no

# Ungdomsarrangement

- Sandvolleyball
- Palleløp
- Grilling
- Live konsert
- Vannaktivitetar






Foto: eikefjord.net

**Vi har basert oss på prefabrikering og montering av komplette rør-system for skip og landbasert industri.**

**Alle typar sveising / reparasjonar.**

*Vårt arbeid seglar på alle hav!*



E.M.V.
EIKEFJORD MEK. VERKST.

Nesjane Industriområde, 6940 Eikefjord
Tlf. 57 74 90 55 - Fax 57 74 90 70 - Mobil 911 76 623

# Eikefjord Grendalag



***Eikefjord Grendalag anno 2008:*** *F.v.: André Høyset, Magnar Sunnarvik, Silje Fraas, Margunn Bakke, Per-Øyvind Sørbø, Marianne Ullaland Knapstad og Brigt Samdal. Foto: Odd Asle Endestad*

*Vi kan og vi vil og folk frå Eikefjord får det til!*

# Nærleiken - i hjarte av Eikefjord!










# Eikefjordkalenderen

Årets kalender er bygt på lesten med bilde av tidlegare ordførar i bygda på framsida. I år er det Alf Svarthumle som pryder framsida. Han var ordfører frå 1946–1951 og 1962–1963.

Elles har vi brukt nye bilde frå ulike plasser i bygda. Det er i tråd med dei tilbakemeldingane vi har fått. Mange ynskjer nye bilde frå bygda, og mange synes det hadde vore kjekt med fargar. Tilgangen på gamle bilde minka også, så då fann vi tida inne til å prøve årets kalender. Kva syns du?

På Eikefjord Grendalag sin stand under Eikefjorddagane 2008 får du kjøpe Eikefjordkalenderen 2009 for kr 100,-.




# Eikefjordkoppen 2008

På kopppen til årets Eikefjorddagar har vi valt motiv frå rasteplassen. Også i år er den svart.

På Eikefjord Grendalag sin stand under Eikefjorddagane 2008 får du kjøpe Eikefjordkoppen for kr 100,-.

***Løp og kjøp!!!***



*Eikefjord Grendalag takkar alle samarbeidspartnerar og støttespelarar i høve Eikefjorddagane 2008!*

*Vi kan og vi vil og folk frå Eikefjord får det til!*

**Eikefjord Grendalag**

Grafisk produksjon: atema